
Søkjjar

Organisasjonsopplysningar

Organisasjonsnamn	Midt-Telemark bibliotek
-------------------	-------------------------

Postadresse	Bøgata 69
-------------	-----------

Postnummer	3 800
------------	-------

Poststad	Bø i Telemark
----------	---------------

Kontonummer	15 062 559 923
-------------	----------------

Leiar av institusjonen

Fornamn	Ingvild
---------	---------

Etternamn	Tørre
-----------	-------

Telefon	48 266 643
---------	------------

E-post	into0202@mt.kommune.no
--------	------------------------

Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Nei
--	-----

Kontaktperson

Fornamn	Tone
---------	------

Etternamn	Lie
-----------	-----

Telefon	91 826 289
---------	------------

E-post	toli2@mt.kommune.no
--------	---------------------

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype

Innsatsområde

Innsatsområde

• Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

Folkebiblioteket og skulane: Nye samarbeidsformer i ein liten/mellomstor samanslått kommune

Mål

Folkebiblioteket og skulane i Midt-Telemark kommune skal etter endt prosjektperiode ha funne ein måte å samarbeide på som styrkar folkebiblioteket sitt arbeid knytt til barn og unge, og som sikrar eit likare skulebibliotektilbod til elevane uavhengig av kva skule dei går på. Tilsette i folkebibliotek og skule skal ha fått meir kunnskap om, og forståing av, kvarandre sine fagfelt. Både folke- og skulebibliotek skal ha fått styrka sin posisjon i kommunen sine planar. Mediesamlingane blir utnytta optimalt. Det blir oppretta ei stilling som skule og bibliotek-koordinator på folkebiblioteket.

Prosjektbeskriving

Bakgrunn:

1. januar 2020 slo Bø og Sauherad kommunar seg saman til Midt-Telemark kommune. Den nye kommunen har i overkant av 10 000 innbyggjarar. Folkebiblioteket i Sauherad var eit kombinasjonsbibliotek som låg på skulen, men det er no lagt ned, og skulen har fått nye lokale. Denne delen av kommunen har ikkje lenger ein folkebibliotekfilial, og med felles folkebibliotek plassert i Bø må vi lage nye strukturar for bibliotekdrifta i den nye kommunen. Folkebiblioteket har 2,8 årsverk.

Det går om lag 1200 elevar på barne- og ungdomsskulane i Midt-Telemark. Elevane tilhøyrer fire grunnskular, som har store ulikheiter når det gjeld mediesamling og ressursar på skulebiblioteka. Skulane har i hovudsak lærarar som skulebibliotekansvarlege, i høvesvis 5, 10, 15 og 20% stillingar.

Det har ikkje vore fokus på å utvikle eit strategisk samarbeid mellom folke- og skulebibliotek, eller mellom folkebibliotek og skule, i dei to tidlegare kommunane.

Prosjektet:

I Nasjonal Bibliotekstrategi 2020-2023, «Rom for demokrati og danning», heiter det at «skolen og bibliotekene har et felles samfunnsoppdrag blant annet når det gjelder kunnskapsformidling, informasjonskompetanse, lesing og leseglede». Skulen og biblioteket deler også verdier i høve til demokrati og ytringsfridom, likeverd og ein tanke om å bidra til sosial utjamning.

Folkebiblioteket ønskjer å bidra til eit betre og meir likeverdig bibliotektilbod til elevane, samt ei profesjonalisering av fagområdet skulebibliotek. Vi ønskjer også å utvikle eit godt samarbeid med lærarane som sikrar at vi utfyller kvarandre i arbeidet for å gje det beste til elevane. Det er lagt vekt på samhandling på tvers av sektorar i utviklinga av ny kommune, og i desember vedtok kommunen at det skal arbeidast for betre resultat på nasjonale prøver gjennom lesing i alle fag, auka forståing og refleksjon. Her er det naturleg å sjå på eit meir omfattande og forpliktande samarbeid mellom skule og folkebibliotek enn kva det er i dag.

På grunn av trong kommuneøkonomi er det lite midlar til innkjøp av nye medium til skulebiblioteka. Vi ønskjer å finne måtar som maksimerer utbyttet av eksemplar både på folkebiblioteket og alle skulebiblioteka. Eit døme kan vere ei boksamling som ambulerer på dei ulike skulebiblioteka. Eit anna døme at alle eksemplar frå Kulturfond er på ein skule om gongen, med rullering, for på den måten å finne ut om fleire eksemplar på same bibliotek vil auke interessa. Skulebiblioteka har same leverandør av biblioteksystem som folkebiblioteket, og det vil vere aktuelt å sjå på mogelegheiter som kan ligge i dette.

Midt-Telemark kommune har prosentvis fleire barn som veks opp i familiar med låg inntekt enn elles i landet. Befolkninga er samansett, og elevar med framandspråkleg bakgrunn utgjer ein del av dette bildet. Kommunen arbeider for utjamning av sosial ulikskap i alle kommunale tenester, og ser utdanning som eit av dei viktigaste folkehelseiltaka. Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er eit uttalt mål.

For mange barn og unge i Midt-Telemark er skulen den viktigaste tilgangen til bøker og lesing. Mange elevar besøker aldri folkebiblioteket. Vi har som mål å nå ut til desse elevane i større grad enn i dag. Dette kan vi få til ved å bruke av folkebiblioteket sine ressursar, både når det gjeld medietilbod og kompetanse, der alle barn og unge er – i skulen. Slik kan folkebiblioteket i større grad oppfylle samfunnsoppdraget i høve til barn og unge, og på den måten vere med på å gje fleire elevar i Midt-Telemark kommune eit betre utgangspunkt.

Vi har i fleire år sett eit behov for, og potensiale i, eit tettare samarbeid med skulane, og nå er tida mogen for å sette i gang eit prosjekt. Kommunesamanslåinga pregar framleis drifta, men det er nå planar lagast. Mellom anna startar arbeidet med kulturstrategi i mars i år. Frå før har vi Kommunedelplan for kultur i Bø kommune og kommuneplanens samfunnsdel for Midt-Telemark. Alle planane er tilgjengelege her:

<https://midt-telemark.kommune.no/finn-tjeneste/kultur-og-fritid/kulturkontoret/planer/>. Dei legg vekt på å utvikle nye samarbeid på tvers av sektorar, og noverande kommunalsjef for oppvekst er svært interessert i vårt prosjekt. Utgreiingsrapporten til Skoletjenesten, Deichman som kom i januar 2021,

er også eit relevant dokument, som omfattar mykje av det vi ser for oss å arbeide mot.

Vi ønskjer å opprette ei prosjektstilling som skule og bibliotek-koordinator som skal ha ansvar for å utvikle samarbeidet med skulane og skulebiblioteka. Den som er tiltenkt koordinatorstillinga har arbeidd 20 år i skulen i Midt-Telemark og er i tillegg under bibliotek- og skulebibliotekarutdanning. Personen jobbar og 10% i vikariat på eit skulebibliotek. Dette kan gjere vegen til samarbeid mellom bibliotek og skule kortare. Koordinatoren vil ha arbeidsplass på folkebiblioteket.

Framdriftsplan:

Prosjektet er tenkt å gå over to år, med oppstart i mai 2020.

Det fyrste halve året:

Oppstart av prosjektgruppe (representantar frå alle skulane, skulebibliotekansvarlege, oppvekstsjef, prosjektleiar, biblioteksjef).

Kartlegge situasjon og behov ved dei ulike skulane (med særleg fokus på fagfornyelsen).

Undersøke korleis folkebibliotek samarbeider med skulebibliotek i samanliknbare kommunar

Finne ut kva vi ønskjer å måle effekt av, og korleis.

Arbeide fram ein plan for skulebiblioteka (for å kunne søke Udir om midlar til å utvikle arbeidet på skulebiblioteka).

Andre halvår vil vi ha fokus på utvikling av tiltak og opplegg saman med ressurspersonar frå skule og folkebibliotek, og rapportskriving for fyrste prosjektår.

Tredje og fjerde halvår vil bli brukt til utprøving av tiltak, eventuelle endringar, dokumentering av effekt, samt rapportskriving.

Etter prosjektperioden:

Resultata frå prosjektet vil legge grunnlaget for korleis det vidare samarbeidet mellom skule og folkebibliotek skal foregå. Når roller og ansvarsområde er avklart, må samarbeidet forankrast i planar og dokument. Vi har fått signal om at prosjektleiar kan arbeide vidare som skulebibliotekkoordinator etter endt prosjektperiode. Vi har tru på at den samarbeidsmodellen vi kjem fram til gjennom prosjektet også kan vere aktuell for andre kommunar.

Nyheitsverdi:

I mange små og mellomstore kommunar er det eit skarpt skilje mellom drifta i folkebibliotek og skulebibliotek. Dei høyrer ofte til to ulike budsjettområde, og mediasamlingane er relativt fastbundne. Den som har ansvaret for skulebiblioteket er ofte ein lærar tilsett på skulen, med lite tid til å utvikle og halde ved like fagkunnskapen som er ønskjeleg. Det er ofte stor skilnad på tilboda, når det er opp til kvar enkelt skule å finansiere drifta.

Vi håper dette prosjektet kjem fram til effektive, ressursparande og fleksible løysingar som lett kan

implementerast i andre kommunar som ønskjer å prøve ut nye modellar for drift og samarbeid.

Framdriftsplan

Prosjektet er Toårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving Oppstart av prosjektgruppe, undersøkingar.

Aktivitetsperiode

Fra dato 03.05.2021

Til dato 30.06.2021

Beskriving Lage plan for bruk av skulebibliotek som ein del av opplæringa for å kunne søke Udir om midlar.

Aktivitetsperiode

Fra dato 03.05.2021

Til dato 01.10.2021

Beskriving Kartlegge situasjon og behov ved skular/ skulebibliotek. Definere kva vi skal måle effekt av, og korleis.

Aktivitetsperiode

Fra dato 02.08.2021

Til dato 30.11.2021

Beskriving	Utvikling av tiltak og opplegg.
------------	---------------------------------

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.12.2021
----------	------------

Til dato	31.03.2022
----------	------------

Beskriving	Mellombels rapportering til Nasjonalbiblioteket, søke om å få midlar til å halde fram med prosjektet.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.04.2022
----------	------------

Til dato	15.04.2022
----------	------------

Beskriving	Presentere vidare prosjektfase for samarbeidspartnarar.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	02.05.2022
----------	------------

Til dato	30.06.2022
----------	------------

Beskriving	Utprøving og fortløpande evaluering av tiltak og opplegg.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.08.2022
----------	------------

Til dato	28.02.2023
----------	------------

Beskriving	Slutfase med evaluering og prosjektskriving.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.03.2023
Til dato	30.04.2023

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan	Aktivitetsperiodane er omtrentlege. Prosjektet og samarbeidspartane er fleksible, så framdrifta kan bli justert.
--	--

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	360 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Folkebibliotek budsjett
------------	-------------------------

Beløp	90 000
-------	--------

Beskriving	Innsats samarbeidspartnarar
------------	-----------------------------

Beløp	150 000
-------	---------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	600 000
---------------------------------	---------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Prosjektlederstilling
------------	-----------------------

Beløp	360 000
-------	---------

Beskriving	Eigen arbeidsinnsats folkebibliotek
------------	-------------------------------------

Beløp	80 000
-------	--------

Beskriving	Administrasjon
------------	----------------

Beløp	10 000
-------	--------

Beskriving	Innsats frå skule/skulebibliotekansvarlege
------------	--

Beløp	150 000
-------	---------

Utgifter totalt 1. prosjektår:	600 000
--------------------------------	---------

2. prosjektår

Inntekter 2. prosjektår

Beskriving	Innsats samarbeidspartnarar (inklusive eventuelle tilskot frå Udir)
------------	---

Beløp	150 000
-------	---------

Beskriving	Budsjett folkebibliotek
------------	-------------------------

Beløp	90 000
-------	--------

Beskriving	Tilskot 2. prosjektår Nasjonalbiblioteket
------------	---

Beløp	360 000
-------	---------

Inntekter totalt 2. prosjektår:	600 000
---------------------------------	---------

Utgifter 2. prosjektår

Beskriving	Prosjektleiar
------------	---------------

Beløp	360 000
-------	---------

Beskriving	Innsats folkebibliotek
------------	------------------------

Beløp	90 000
-------	--------

Beskriving	Innsats samarbeidspartnarar
------------	-----------------------------

Beløp	150 000
-------	---------

Utgifter totalt 2. prosjektår:	600 000
--------------------------------	---------

Totalt

	0
--	---

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
---------------------------------	----

Namn	Oppvekstsjef
Beskriv samarbeidet	Deltakar i prosjektgruppa, sikrar prosjektet forankring i kommuneleiinga.
Namn	Skulebibliotekansvarlege
Beskriv samarbeidet	Deltakarar i prosjektgruppa, hovudsamarbeidspartnarar for prosjektleiar. Bidreg med å utvikle og gjennomføre tiltak og opplegg.
Namn	Biblioteksjef
Beskriv samarbeidet	Deltakar i prosjektgruppa.
Namn	Rektorar
Beskriv samarbeidet	Deltakarar i prosjektgruppa, forankrar prosjektet i skulane.
Namn	Folkebiblioteket
Beskriv samarbeidet	Barnebibliotekar og systembibliotekar vil vere hovudpartnarar med å utvikle og gjennomføre tiltak og opplegg.
Namn	Representantar frå lærarane/ spesialpedagogar
Beskriv samarbeidet	Lærarar på 2., 4. og 7. trinn er aktuelle som samarbeidspartnarar fordi desse klassene blir nemnd spesielt i høve til skulebibliotek i fagfornyelsen. Spesialpedagogar er aktuelle samarbeidspartnarar når det gjeld særskild tilpassa tilbod til einskildelevar.

Vedlegg

Last opp vedlegg

Sammendrag og innsending